



SKODJE KOMMUNE
Rådhuset Nihusvegen 1
6260 SKODJE

Skodje kommune

Kommuneplan for Skodje kommune 2018-2028

Fråsegn til offentleg ettersyn - motsegn

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. I den kommunale planlegginga skal vi sjå til at kommunane tar omsyn til viktige regionale og nasjonale interesser som gjeld arealforvaltning, landbruk, klima og miljø, oppvekst, helse og samfunnstryggleik.

Bakgrunn

Forslag til kommuneplanen sin arealdel for Skodje kommune 2018-2028 er lagt ut til offentleg ettersyn/høyring. Fylkesmannen viser til oppdraget med samordning av statlege motsegner som regjeringa innførte som fast ordning frå 2018. I denne fråsegna fremjar vi difor motsegn på vegne av NVE.

Med heimel i plan- og bygningslova §5-4 fremmer vi motsegn til planen på følgjande punkt:

NVE:

- Grunnlag for omsynssone H310 med tilhøyrande føresegner må gå klart fram av planen. Omsynssona eller føresegnene må også klargjere rammene for areal under marin grense.
- Fare for flaum og erosjon må synleggjerast for heile vassdraget, og det må gjerast greie for kva vurderingar som ligg til grunn for omsynssona. Tilhøyrande føresegn må setje krav i samsvar med tryggleikskrava i Byggtknisk forskrift (TEK17) §7-2.
- Vurdering og rammer for byggegrensar mot vassdraga må klargjerast og synleggjerast.
- Planen må ta tilstrekkeleg omsyn til Solnørelva sin status som verna vassdrag.

Heile fråsegna til NVE ligg som vedlegg og vi ber kommunen sjå nærare på grunngjeving for motsegner og faglege råd.

Fylkesmannen:

- Manglande konsekvensutgreiing for føremålsendringar som skal utgreiast etter Forskrift om konsekvensvurdering §6, bokstav a.
- Føresegnene må sikre at krav gitt i kommuneplanen også skal gjelde for eldre reguleringsplanar som skal fortsette å gjelde.
- Føresegnene for barn og unge må konkretiserast.
- Konsekvensar for hjorten sine trekkveggar må avklarast for bustadområde Svorta – Valle.
- Konsekvensutgreiing for utviding av næringsområde på Digernes mot nord-aust gir ikkje tilstrekkeleg grunnlag for vurdering av konsekvensar for landskapsverknad, friluftsliv og strandsone. Innsnevring for å ivareta skjerming må vurderast med utgangspunkt i ei visualisering frå ulike ståstar, som Skodjebruene, Skodjebygda, Valle, m.v..
- Delar av utbyggingsføremålet BFT1 er i konflikt med H320-omsynssone flaum og må endrast.
- Omdisponering frå LNF til bustadområde Skodje sentrum vil føre til nedbygging av 38 daa fulldyrka mark i kjerneområde landbruk i Skodje kommune.
- Omdisponering til bustadformål, Indrebø – Jovikhaugen inneber nedbygging av ei fulldyrka mark på 10 dekar i aktiv drift. Bustadområdet må reduserast.
- Lokaliseringskriteria i føresegnene må gjerast meir konkrete for LNF-spreidd.
- Retningslinje for støy og retningslinje for luftkvalitet i arealplanlegging må fastsettast som føresegner.
- Planen må sikre tilstrekkeleg tryggleik mot flaum og erosjon frå bekkar og elvar.
- Planen må sikre tilstrekkeleg tryggleik mot stormflod og havnivåstigning.
- Føresegna til omsynssone for skred må tydeleggjerast.
- Planen må sikre tilstrekkeleg tryggleik mot ustabil grunn/kvikkleire.
- Planen må sikre tilstrekkeleg tryggleik mot magnetfelt frå høgspentanlegg.

Faglege råd og nærare gjennomgang av motsegnene frå fylkesmannen:**Planfagleg**

Fylkesmannen vil innleiingsvis gje ros for generelt godt gjennomarbeidd planmateriale og planprosess der medverknad er gitt stort fokus og ser ut til å vere gjennomført med stor deltaking for heile kommunen.

Konsekvensutgreiing

Av konsekvensvurderinga går det fram at relativt få nye utbyggingsområde er utgreidd. Etter forskrift om konsekvensutgreiingar §6a, er det krav om konsekvensutgreiing for fleire føremålsendringar enn dei som her er utgreidd. Dette gjeld m.a alle område som vert lagt ut til LNF-spreidd, men også for andre endringar saknar vi KU. Eksempelvis manglar det konsekvensutgreiing for område BN2 (frå hjortetrek til næringsområde) og BAB-områda (frå LNF til naust). Fylkesmannen har **motsegn** til manglande konsekvensutgreiing for føremålsendringar som skal utgreiast etter forskrifta §6, bokstav a. Endringane vert vurderte til å kunne får verknad for viktige miljø- og samfunnsverdiar, og konsekvensane må leggjast fram. Fylkesmannen vil gi fråsegn til desse områda når konsekvensutgreiinga er på plass.

Vidare registrerer vi at det ikkje er samsvar mellom KU og planforslaget. Dette er forvirrende og vi rår til at konsekvensutgreiinga vert utforma slik at det går klart fram kva område som faktisk er lagt ut på høyring/ettersyn. Vurderinga kan innehalde område som ikkje er valt lagt ut, men det må eventuelt gå klart fram. Til dømes var det vanskeleg å forstå om område B1 var lagt ut til offentleg ettersyn då det både ligg i KU og i temakart over område med reguleringsplankrav, men ikkje i arealplankartet. Fylkesmannen har teke utgangspunkt i at området ikkje er med og må i motsett fall få moglegheit til å kome med ny fråsegn for dette området.

Føresegner

Det går fram av føresegnene at relativt mange vedtekne reguleringsplanar skal fortsette å gjelde framføre kommuneplanens arealdel. Fleire av desse er truleg ikkje oppdaterte med omsyn til nyare krav og retningslinjer. Dette vil mellom anna gjelde sikring mot støy og tilhøva for barn og unge. Fylkesmannen har **motsegn** inntil det går fram at aktuelle føresegner i kommuneplanens arealdel blir gjort gjeldande for reguleringsplanar som fortsatt skal gjelde.

I føresegnene til *Bygningar og anlegg*, står det: «Ved utbygging med meir enn 2 bueiningar, skal det som hovudregel utarbeidast reguleringsplan». Føresegner skal vere eintydige. Ordet «hovudregel» bør difor takast bort.

Føresegnene bør nummererast slik at det vert enklare å referere og finne fram. LNF-spreidd område må nummererast i samsvar med arealplankartet.

Frå føresegner til landbruks-, natur og friluftsområde (LNF) går det fram at mindre utvidingar av fritids- eller bustadbygningar og etablering av nye bygningar inntil 25 m², kan akseptast. Fylkesmannen gjer merksam på at alle tiltak etter pbl. §1-6 som ikkje er i samsvar med gjeldande arealformål vil krevje dispensasjon frå arealformålet. Det kan ikkje opnast for tiltak i strid med arealføremålet. Føresegna må difor justerast.

Barn og unge

Fylkesmannen føreset at barn og unge sine interesser blir tatt vare på i arealplanlegginga jf. pbl. §1-1 og *Rikspolitiske retningslinjer for barn og unge*. Temarettleiar T-1513 og rundskriv T-2/08 *Om barn og planlegging*, gir rammer for planarbeid på dette området. I pbl. § 5-1 vert det peika på at kommunane har eit særleg ansvar for å sikre aktiv medverknad frå grupper som krev dette, herunder barn og unge. I framlegg til planføresegner rår vi difor til at retningslinja som gjeld krav om medverknad frå barn- og unge i saker som angår dei, vert gjort om til føresegn.

Kommuneplanens føresegner skal vere konkrete og eintydige, og skal avklare kva krav kommunen stiller til leikeplassar og andre friområde. For å vere føreseieleg i kva tilhøve som må oppfyllest for å unngå motsegn har fylkesmannen utarbeidd ei samling råd til lokalisering og utforming av leikeplassar i plansaker. Fylkesmannen finn at planframlegget avvik frå vår rettleiing på nokre av punkta og har **motsegn** til planforslaget inntil føresegnene samsvarar med krava under:

- Kvalitetskrav som vist i eksempel i rettleiaren
- Innan 50 meter frå bueiningane skal det vere ein nærleikeplass
- Minimum storleik på nærleikeklassen er 200 m²
- Leikeplassar må ferdigstillast med eit minimum av funksjonskrav
- Det skal vere maksimum 20 bueiningar per nærleikeplass. Krav til nærleikeplass blir utløyst ved 5. bueining på staden.
- Nærleikeplassar skal opparbeidast innan første bustad blir gitt bruksløyve.

Føresegnene er noko omfattande når det gjeld kvartalsleikeplass, med fleire alternativ som kan føre til at den typiske kvartalsleikeklassen blir vesentleg mindre enn 1500 m². Føresegner bør vere klare og eintydige. Vi rår difor til at dei vert forenkla på dette punktet. Jf. fylkesmannens rettleiar kan ein kvartalsleikeplass ha frå 25 til 200 bueiningar per leikeplass, maks avstand frå bueining 150 meter og minimum storleik 1500 m². Slike område er aktuelle for ballplass og meir støyande leik og tilstrekkeleg areal vert difor viktig. Vi rår vidare til at ein allereie i kommuneplanen gjer ei vurdering av kva område som kan vere eigna kvartalsleikeplassar, då areala som vert omfatta av dei enkelte reguleringsplanane ofte vert for avgrensa til å legge til rette for større leikeområde. Temakart kan vere tenleg for å vise kvar det er ønskeleg med større leikeplassar.

Universell utforming

Fylkesmannen rår til at føresegnene tek inn eit punkt om universell utforming der det går fram at all plan- og byggesakshandsaming skal gjere greie for tilhøvet til universell utforming både internt i tiltaksområda og i forhold til omkringliggende område. Vidare bør det gå fram at prinsippa om universell utforming skal leggest til grunn/oppfyllest i størst mogleg grad for alle bygg, anlegg- og uteoppfallsareal.

Natur- og miljøvern (naturmangfald, landskap, friluftsliv, grønstruktur)

Bustadområde Svorta – Valle

Endringa frå LNF til bustadføremål opnar relativt urørte naturområde og utmark for inngrep. Området har skogbruksverdiar. Vidare er det registrert artar av særleg stor forvaltningsinteresse innanfor planområdet. Registrert hjortetrek ser ut til å kome rett inn i nytt bustadområde. Trekkvegen over Dragsundet er truleg viktig for hjorten sine naturlege årstidstrekk mellom indre og ytre beiteområde i regionen. Det går ikkje fram kva konsekvensar det planlagde bustadområdet vil gi for trekkvegen. Fylkesmannen vurderer konsekvensutgreiinga til å vere lite avklarande på dette punktet og har **motsegn** inntil det ligg føre betre vurderingsgrunnlag. Bustadområda vil ligge høgare i terrenget enn eksisterande byggeområde og vil verte visuelt eksponert. Bustadområdet vil truleg også få støyutfordringar frå E39. Av konsekvensvurderinga går det fram at det framleis er 75 daa arealreserve til bustad som ikkje er utnytta i kretsen på Valle.

Fylkesmannen støttar konklusjonen som går fram av konsekvensvurderinga der det foreløpig vert rådd frå å utvikle dette området til bustad.

Brisingberget

Det er registrert gamal furuskog med verdi B (viktig) på delar av planområdet. Området er artsrikt og inneheld mellom anna innslag av barlind (sårbar). Fylkesmannen rår sterkt i frå at bustadføremål blir lagt inn i naturtypelokaliteten. Delar av føremålsområdet er svært bratt og ei tilrettelegging med infrastruktur og bustader vil medføre store

terrenginngrep i sær eksponerte område, medan andre delar av føremålsområdet kan vere betre eigna. Fylkesmannen saknar ei meir differensiert vurdering. Området vil truleg få utfordringar med oppnå tilfredsstillande stigningstilhøve og universell utforming. Ei utbygging som foreslått vil også utfordre utbyggingsmønsteret i Skodje generelt og skyve inngrepsgrensa vesentleg lenger oppover. Fylkesmannen støttar konklusjonen frå konsekvensvurderinga der det vert rådd frå å legge dette området ut til byggeføremål. Vi ser likevel at delar av området kan vere eigna for omdisponering etter nærare vurdering, til dømes som mindre utviding av eksisterande bustadstruktur.

Massedeponi, Blokkebærmyra – Svorta

Fylkesmannen ser at kommunen har behov for deponiområde, men etterlyser vurdering av alternative område og alternativ bruk av massane. Planendringa slik ho er lagt fram vil opne relativt urørte naturområde og utmark for inngrep. Fylkesmannen meiner kommunen må vurdere om reine masser, både grov stein og jord, i staden for massedeponi kan nyttegjerast til matproduksjon ved å gjere udyrkbart areal om til dyrka mark, då særskilt i høve utviding av eksisterande landbruksareal.

Digernes

For næringsområdet på Digernes vert det i planframlegget opna for utviding mot vest og mot nord-aust. Utvidinga mot vest samsvarar med pågåande regulering og vert frå fylkesmannen si side rekna som avklart gjennom reguleringsplanprosessen. Utviding mot nord-aust grip etter fylkesmannen si vurdering vesentleg inn opplevingskvalitetane i friluftsområde av regional bruksverdi. Området Ellingsøyfjorden – Skodje – og Solnørvika, utgjer eit svært variert landskap med mange verdifulle naturelement. Ei utviding av næringsområdet mot nord-aust, slik det er lagt opp til i planforslaget vil gi stor negativ landskapsverknad og påverke friluftsverdiane i vesentleg grad. Fjordområda har stor bruksverdi til friluftsføremål og kvaliteten bør ikkje reduserast gjennom dominerande inngrep. Utbyggingsarealet vil ligge sær eksponert i fjordrommet og store bygningsmassar vil gi negativ visuell effekt. Fjernverknaden vert markant frå Skodjebruene, delar av Skodjebygda, Valle og Saltkjelsvika. Kollen som er planlagt omdisponert er relativt smal og inngrepa vil også gripe vesentleg inn i dei nære strandsoneområda i Svarthammarvika og på Langneset. Fylkesmannen viser her til kravet om at grundige vurderingar må ligge til grunn for utbygging i 100-meters beltet jf. pbl. §1-8. Fylkesmannen har **motsegn** til utviding av næringsområde mot nord-aust utan at konsekvensane for landskapsverknad, friluftsliv og strandsone er tilstrekkeleg utgreidd. Innsnevring av nytt næringsareal for å ivareta skjerming må vurderast med utgangspunkt i ei visualisering frå ulike ståstadar, som Skodjebruene, Skodjebygda, Valle, m.v..



Næringsområdet sett frå Grindvika. Planlagt utviding mot nord-aust markert.

Naust og rorbu

Fylkesmannen har tidlegare gjennom sine naustråd gitt innspel til kommunane om kva vi meiner kommuneplanen må ivareta når det gjeld naust. Mellom anna rår fylkesmannen til at naust ikkje bør ha BRA større enn 40 m², der eventuelt loftsrom ikkje skal ha måleverdig areal. Framlegget opnar her for BYA på 50 m² og nemner ikkje loftrom. Når det gjeld generell storleik på naust vil vi halde fast på 40 m² som fylkesmannens råd, men vil ikkje fremje motsegn på dette punktet. Fylkesmannen vurderer føresegn knytt til loft som særskilt viktig ut frå risiko for utvida bruk av naustet typisk til overnatting. Vidare vert det i føresegnene både til naust og rorbu, fastsett at det kan støypast båtstø og byggast vor. Som utgangspunkt bør det gjerast minst mogleg inngrep i strandsona. Det vil også alltid vere behov for tilpassing ut frå tilhøva på staden etter vurdering. Vi finn det difor uheldig at kommunen opnar for støypt stø og vor gjennom ei generell føresegn. Fylkesmannen rår til at føresegnene for naust fastsett at naustloft ikkje skal ha målbart areal og vidare at føresegnene for naust og rorbu ikkje opnar for støypt stø og vor på generell basis.

Småbåthamn

Fylkesmannen registrerer at Skodje kommune har få regulerte småbåthamner og at det heller ikkje ser ut til å vere lagt ut nye småbåthamnrområde i framlegget. Kommunen har relativt mange søknadar om dispensasjon der det vert opna for private løysingar som mindre moloar og flytebrygger. For å redusere inngrepa i strandsona er det ønskeleg å samle tilrettelegging for fritidsbåtaktivitet i større fellesanlegg. Kan det visast til slike anlegg vil det også vere lettare å gjennomføre ein strengare praksis for dispensasjon. Fylkesmannen vil difor oppmode kommunen til å vurdere om det kan finnast eigna areal til etablering av felles småbåthamnanlegg som kan leggest inn i kommuneplanen.

Vassdrag

BFT1 - Nedreskodje

Fylkesmannen vurderer delar av utbyggingsføremålet BFT1 til å vere i konflikt med H320-omsynssone flaum og har **motsegn** inntil dette er løyst.

Landbruk

Fylkesmannen meiner det er positivt at Skodje kommune har utarbeidd temakart for viktig landbruksområde/kjerneområde landbruk, og at det vert presisert at LNF-føremål skal ha sterkt vern mot omdisponering. Det vert gjennom kommuneplanframlegget likevel lagt opp til nedbygging av god matjord i aktiv drift. Dette strir imot nasjonal jordvernstrategi der det er ei målsetting om at det maksimalt skal omdisponerast 4000 daa dyrka mark per år, og at matproduksjonen skal auke i takt med folketalsauken. Fylkestinget i Møre og Romsdal har vedteke eit jordvern mål på 200 dekar pr. år, og kommunane må prioritere jordvernet sterkare enn tidlegare for å nå desse målsettingane.

Motsegn

2.3. Bustadområde Skodje sentrum, indre.

Ein del av kjerneområde landbruk i Skodje kommune. Nedbygging av ca. 38 daa fulldyrka mark. Arealet vert drifta av medlemmar av Skodje samdrift, og dyrka marka er eit viktig ressursgrunnlag då desse ligg nære driftsbygningane. Samdrifta har tidlegare mista store sentrumsnære areal for bustadbygging. Fylkesmannen meiner fortetting og utvikling av andre areal må prioriterast til bustad framføre omdisponering av fulldyrka mark, og fremmer **motsegn** til bustadområde Skodje sentrum, indre.



2.8. Bustadformål, Indrebø – Jovikhaugen

Nedbygging av ei fulldyrka mark på 10 dekar i aktiv drift. Fylkesmannen meiner at det nye bustadområdet på Svorta/Valle berre nokre kilometer unna, ivaretek omsynet for tilrettelegging av nye bustadar i nærområde. Likevel kan vi akseptere at halve vestlege

området vert nytta til bustadar. Villkår for dette er at byggegrense blir på minst 30 meter frå dyrka marka, at tilkomstveg ikkje vert lagt på teigen og at det ikkje vert opna for vidare utvikling/fortetting vidare austover på kostnad av landbruksarealet.

Fylkesmannen har **motsegn** til planområdet er redusert og plankartet er endra som skildra ovanfor.



Føresegner LNF-B

Fylkesmannen meiner at lokaliseringkriteria legg eit godt grunnlag for at landbruket vert ivareteke, men må verte meir konkrete. Til dømes gjeld dette fragmentering av samanhengande landbruksområde med tanke på tilkomstveg. Fylkesmannen vil også at det vert satt villkår om at byggegrense til bustad skal vere minst 30 meter unna landbruksareal, dette for å redusere potensielle drifts- og miljømessige ulemper. Desse lokaliseringkriteria må også gjelde for LNF- spreidd fritidsbustadar. Vi har **motsegn** til villkåra er meir konkretisert for å ivareta landbruksinteressene betre.

Faglege råd

2.1. Bustadområde Svorta/Valle

Tiltaket vil gå sterkt utover skogbruksinteressene. Infrastrukturen må planleggast slik at det vert høve til å ta ut skogressursar i tilgrensande område i framtida. Det vil seie at vegtilkomst må byggjast for å tole tømmertransport, og at det vert lagt til rette for lasting og lagring av tømmervirke i eigna område.

Omsynssone landbruk

Fylkesmannen ønskjer at kjerneområde landbruk vert lagt inn i plankartet som *omsynssone landbruk*, med føresegner og retningslinjer. Dette for å styrke jordvernet og matproduksjonen, og gje landbruksnæringa langsiktige, arealmessige føreseielege rammevilkår.

Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging – klima

Vi stiller spørsmål ved om planframlegget i tilstrekkeleg grad svarar på enkelte av målsettingane som vert skissert for planarbeidet. Mellom anna vert det fokusert på sentrumsutvikling, fortetting og tilrettelegging for differensiert sentrumsnært bustadtilbod. Satsinga vil vere i samsvar med sentrale målsettingar i statleg planretningslinje for samordna bustad-, areal og transportplanlegging. Ut frå planframlegget ser det ut for at det er sikra viktige kvalitetar som grønstruktur og sentrale føresegner (barn og unge m.m.). Vi kan likevel ikkje sjå vesentlege andre endringar for dei mest sentrale områda i planframlegget. Avklaringar frå stadanalysa kunne med føremon vore trekt meir inn i framlegget. Til dømes ei markering av kva ein reknar som dei mest sentrale områda og ei differensiering av føresegner innanfor og utanfor kjerneområda.

Opninga for etablering av bustadar gjennom LNF-spreidd er utvida. Område der fleire bustader skal etablerast samla bør regulerast ut frå behovet for heilskapleg planlegging der ein sikrar ivaretaking av kvalitetar, arealressursane vert forvalta av rasjonell måte og viktige omsyn kan bli høyrte og ivaretekt. Fylkesmannen er kritisk til utstrekt bruk av LNF-spreidd i staden for reguleringsplan.

Støy- og luftforureining

For føresegnene til støy og til luftforureining er aktuelle rettleiarar sett i boksen for retningslinjer. For at rettleiarane skal bli juridisk bindande må dei vedtakast som føresegner. Fylkesmannen har **motsegn** inntil det går fram at retningslinje for støy i arealplanlegginga, T-1442/2016 og retningslinje for handsaming av luftkvalitet i arealplanlegging, T-1520, vert fastsett som føresegner. Vidare vurderer vi det som misvisande at føresegna opnar for støyfølsam arealbruk i gul støysone generelt, då tilnærminga innleiingsvis skal vere at støyfølsam arealbruk skal plasserast i kvit sone. Vi ber om at setninga som gjeld gul støysone vert tatt bort.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Kommunen har gjennomført ein ROS-analyse for kvar krins i kommunen. Fylkesmannen meiner dette verkar som ein god tilnæringsmåte for få oversikt over risiko- og sårbarheitsfaktorar som kan påverke arealplanlegginga i kommunen. Kommunen får sett større område i samanheng, og kan framleis synleggjere konkrete utfordringar for dei enkelte krinsane. Vi ser det er gjort eit godt arbeid med innhaldet i analysen. Vidare syns vi det er ei god løysing å samanfatte funna for kvar krins i ein matrise med kommentar/avbøtande tiltak knytt til funna. Eit forbettringspotensial her hadde vore å samtidig vist til kvar i planen ein kunne finne igjen dei avbøtande tiltaka. Til dømes i plankartet som omsynssoner og/eller planføresegnene. Kriteria for dei ulike vurderingane av sannsyn og konsekvens ser òg ut til å vere fornuftige for dette føremålet. Det er gjort eit godt arbeid med ROS-analysen. Vi ser likevel at analysen har avdekkja fleire forhold som ikkje er teke tilstrekkeleg omsyn til i planen.

Kommuneplanen sikrar ikkje tilstrekkeleg tryggleik mot flaum frå vassdrag. I planføresegnene er det satt krav om at bekkar og elvar skal ha tilstrekkeleg kantvegetasjon i ei breidde på fem meter til kvar side. I retningslinjene står det at tiltak ikkje skal plasserast nærare enn ti meter frå grensa til grøntkorridoren. Den samla avstanden frå bekkar og elvar

blir dermed 15 meter. Fylkesmannen meiner denne avstanden ikkje er tilstrekkeleg. NVE sin rettleiar «Flaum- og skredfare i arealplanar» seier mellom anna: «*Det vil i dei fleste tilfelle vere tilstrekkeleg å sette av soner på minimum 20 meter på kvar side av bekkar og 50-100 meter på kvar side av elvar for å dekke område med potensiell flaumfare.*» Fylkesmannen har **motsegn** til planen inntil den sikrar tilstrekkeleg tryggleik mot flaum og erosjon frå bekkar og elvar.

Vi meiner vidare at tilstrekkeleg avstand frå vassdrag må sikrast gjennom planføresegner, og ikkje som retningslinjer til planen. Vidare viser planføresegnene til faresone for 200-årsflaum. Fylkesmannen kjenner ikkje til at vassdrag i Skodje har blitt faresonekartlag. Det står heller ikkje noko om dette i ROS-analysen eller planomtalen. Vi ser det er teikna inn omsynssoner rundt vassdrag, men desse ser ut til å ha mindre omfang enn NVE sine aktsemdskart over potensiell flaum- og erosjonsfare. Der NVE sine aktsemdskart viser aktsemdsområde for flaum, skal desse synast som omsynssoner i plankartet. Føresegna til omsynssoner for flaum må vise til gjeldande tryggleikskrav, jf. TEK17 § 7-2. Ulike typar tiltak vil ha ulike krav til tryggleik mot flaum.

Kommuneplanen sikrar ikkje tilstrekkeleg tryggleik mot stormflod og havnivåstiging. Planføresegnene set krav til minimumshøgde for tiltak i ulike tryggleiksklassar. Desse høgdena er satt utan ei vurdering av vind- og bølgepåslag som gjer den reelle trygge høgda høgare enn det som kjem fram av planføresegnene. Vi ser at det på kommuneplannivå kan vere vanskeleg å vurdere vind- og bølgepåslag for heile kommunen sitt areal, sidan dette kan variere. Vi tilrår derfor at planføresegnene tek med eit krav om at vind- og bølgepåslag må vurderast og leggast til den utrekna høgda for å finne trygg byggehøgde/kote. Fylkesmannen har **motsegn** til planen inntil den sikrar tilstrekkeleg tryggleik mot stormflod og havnivåstiging.

Det er teikna inn omsynssone for skred i plankartet. Vi ser at omsynssonene for skred i plankartet skil seg frå omsynssonene for skred i temakartet. Det er mogleg at kommunen har nytta ulike aktsemdskart til plankartet og temakartet. Fylkesmannen tilrår at kommunen nyttar NGI sitt aktsemdskart for snø- og steinskred der desse finst. I område som ikkje er dekkja av NGI sitt aktsemdskart skal NVE sitt landsdekkande kart over snøskred og steinskred nyttast. Vidare må NVE sitt kart over jord- og flaumskred nyttast, og oppskyllingssoner som følge av fjellskred frå Åkneset. Det ser ut som desse aktsemdskarta er nytta i plankartet, men vi ber kommunen klargjere dette.

Fylkesmannen meiner at for å unngå forvirring rundt temakartet for skred og omsynssonene for skred plankartet, bør skredsonene både i temakartet og plankartet samsvare med kvarandre. Vi har ikkje noko i mot at temakartet viser område som er i ferd med å faresonekartleggast på oppdrag av NVE. Vi ser at dette kan vere nyttig informasjon for kommunen og innbyggjarane.

Føresegna knytt til omsynssonene for skred viser til at tiltak innanfor sonene må dokumentere tilstrekkeleg tryggleik. Det er ikkje spesifisert kva som er meint med tilstrekkeleg tryggleik. Vi meiner føresegna må vise til gjeldande tryggleikskrav for skred, jf. TEK17 § 7-3. Inntil planen tydeleggjer føresegna knytt til omsynssone for skred har Fylkesmannen **motsegn** til planen.

Vi merker oss elles at det er utarbeidd generell føresegn for flodbølge som følge av skred frå Åkneset, og skred og steinsprang, side 11 og 12 i planføresegnene. Dette er ikkje naudsynt når plankartet viser omsynssoner for desse skreda, og det er knytt føresegn til desse omsynssonene som sikrar tilstrekkeleg tryggleik mot skred i samsvar med tryggleikskrava i TEK17. Desse generelle føresegnene bør derfor etter vår vurdering fjernast.

Det er teikna eit temakart som viser område med potensiell fare for ustabil grunn. Vi kan ikkje sjå at desse områda er sikra gjennom planen, verken i plankartet med omsynssone eller gjennom planføresegnene. Fylkesmannen har **motsegn** til planen inntil den sikrar tilstrekkeleg tryggleik mot ustabil grunn/kvikkleire.

Det er teikna inn faresone for høgspantanlegg i plankartet. I retningslinene til omsynssonene er det satt krav til at bustad, skule, barnehagar og sårbare bygg som blir planlagt nærare enn 18 meter frå kraftliner med spenning på 22 kV skal eksponering frå magnetfelt utgreiast. Vi kan ikkje sjå kvifor kommuneplanen berre set krav til avstand frå kraftlinene på 22 kV, og ikkje liner med andre spenningsnivå. Vi meiner planen må sikre trygg avstand frå alle høgspantlinene som finst i kommunen. Vidare må kravet til utgreiing skildrast som ei føresegn og ikkje som retningsline. Nærare forklaringar om kva utgreiingar av magnetfelt inneberer kan derimot skildrast som retningsliner.

Planen må sikre tilstrekkeleg tryggleik mot magnetfelt for alle høgspantanlegg i kommunen. Dette må gjerast gjennom enten omsynssoner i plankartet med tilhøyrande føresegner, eller som ei generell føresegn til planen. Kommuneplanen kan til dømes gje ei generell føresegn som krev at tiltak som planleggast i område med magnetfeltsnivå høgare enn 0,4 mikrottesla (μT) skal utgreiast. Retningslinene kan då gje døme på typiske avstandar der dette blir aktuelt, og kva ei utgreiing skal innehalde. Inntil planen sikrar tilstrekkeleg tryggleik mot magnetfelt frå høgspantanlegg har Fylkesmannen **motsegn** til planen.

Konklusjon

Skodje kommune har lagt fram eit revidert planforslag for ny arealdel for planperioden 2018-2028. Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde motsegner til ein del av arealendringane, føresegnene og også til delar av planprosessen/framlegget. Det er laga ei punktvis oversikt over Fylkesmannen og NVE sine motsegner i starten av brevet. Nokre av motsegnene er truleg relativt enkle å løyse, medan andre bør vurderast nærare. Vi ber kommunen ta kontakt slik at vi i fellesskap kan gå gjennom motsegnene og søke å finne løysingar.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. fylkesmann

Jon Ivar Eikeland
fagsjef - plansamordning

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Fagsaksbehandlar

Landbruk: Tormod Meisingset, tlf. 71 25 84 04

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Føresegner: Frida Farstad Brevik, tlf. 71 25 84 51

Vedlegg

Fråsegn frå NVE

Kopi

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Statens vegvesen, Region midt, pb. 2525, 6404 Molde

Fiskeridirektoratet - Region Møre og Romsdal, Postboks 185, sentrum, 5804 Bergen

Kystverket Midt-Norge, Serviceboks 2, 6025 Ålesund

NVE - Region vest, Postboks 53, 6801 Førde

Mattilsynet, Postboks 383, 2381 Brumunddal